



Alise Gullaksen  
Kalandsneset 3a  
5953 FONNES

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/763 - 23/5789

Saksbehandlar:  
Asbjørn Nagell Toft  
asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no

Dato:  
19.06.2023

## Løyve til riving av eldre våningshus på gbnr 131/36 - Fønnes

### Administrativt vedtak. Saknr: 083/23

Vi syner til søknad motteke 16.06.2023

### Vedtak

**Det vert gjeve løyve til riving av eldre våningshus medhald av plan- og bygningslova §§ 20-4, 29-2 og 29-4, samt naturmangfaldslova §§ 8-12 på følgjande vilkår:**

1. Det vert forutsett at rivinga vert gjort i tråd med forureiningslova og anna lovverk.

### Saksutgreiing:

### Tiltak

Søknaden gjeld riving av falleferdig våningshus. Rivingsplan er vedlagt i saka.

### Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader i samband med nabovarslinga. Naboar har samtykt til rivinga. Det kjem søknad om oppføring av nytt våningshus truleg i løpet av 2023/2024.



## Planstatus

Eigedommen ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplanen området er definert som LNF-område. Tiltaket er etter kommunen sin vurdering i tråd med planen som vart godkjent den 11.04.2019.

## Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert omsøkte tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Det er særleg vektlegg berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no). Ein finn ikkje at omsøkte tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova. I vurderinga har ein mellom anna nytta rettleiing frå Statsforvaltaren i Vestland.

## Situasjonsplan og terrengprofilar

Tiltaket er teikna inn med tilstrekkeleg målsetting.

## Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal gjerat i samsvar med vedlagt rivingsplan og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn er i tråd med forureiningslova og anna lovverk.



Våninghus som skal rivast

**Konklusjon:**

Det vert godkjent riving av omsøkt eldre våningshus.

Rivinga skal skje i samsvar med vedlagt rivingsplan.

Når arbeida vert å sjå på som ferdige, skal søkar skriftleg rapportere dette til kommunen, jf. plan- og bygningslovas § 21-10- Ved handsaminga av denne saka har kommunen teke omsyn til den sivile beredskap og samfunnstryggleik.

Kopi av dette vedtak samt andre saksdokument skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Dersom rivingarbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 21-9.

Alt arbeid skal følgje plan- og bygningslova, forskrifter og andre føresegner. Dersom innsendte planar er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre planane.

Lykke til med arbeidet.

Med helsing

Asbjørn Nagell Toft  
avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

**Klage:**

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

**Vedlegg:****Kopi til:**

Alf Kvant

**Mottakere:**

Alise Gullaksen

Kalandsneset 3a 5953

FONNES